

Radar

2011 nr. 4

Kyrkjeblad for Radøy sokn

27. årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefonid
Måndag til fredag
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796
msskauge@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
jwkay@me.com

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K.Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Emigrantkyrkja
Kirsten S.Mellingen 5637 2031

Nytt frå dagleg leiar



Vi er komen inn i adventstida og nok eit år er snart til ende. Det er tid for å oppsummera og sjå seg tilbake på året som har gått.

Oppgåvene vekslar mykje gjennom året, men skal vi nemna noko spesielt for 2011 har vi hatt mykje fokus

på kyrkjevalet. På Radøy hadde vi langt fleire namn på lista enn som skulle velgjast. Det er ikkje slik alle stader og vi er heldige som har eit stort engasjement for kyrkja.

Det nye soknerådet har fem kvinner og tre menn. I alder varierer dei mellom 22 og 70 år. I tillegg er soknepresten medlem av rådet. Det er også ein kommunal representant som tek del i saker som gjeld økonomi og administrasjon. Grethe Lunde er vald frå Radøy kommune med Ann Christin Hoen som 1.vara. Reknar vi med alle har vi over 40 % av begge kjønn. Rådet hadde sitt første møte 9.november. Vi ynskjer dei lukke til og vonar at dei får gjort mykje godt arbeid dei neste 4 åra.

Økonomien har i år vore betre enn tidlegare år og vi får truleg eit lite overskot for 2011. For å halda drifta i balanse har vi også for 2012 måtta auka prisane på tenester og avgifter. Satsane skal endeleg handsamast av kommunestyret. Vi vil koma attende med dei nye prisane.

Soknet sine inntekter kjem stort sett frå offentlege overføringar og avgifter knytta til gravplassane. Kyrkja mottar også ein del gaver gjennom året. Dette er til god hjelp både til drift av kyrkjebladet og for arbeidet med trusopplæring. Frå 2004 har gaver til kyrkjeleg arbeid vore gjort skattefrie. Føresetnaden er at gáva er på minst kr. 500 per år.

På personalsida har det skjedd ein del endringar i 2011. Olav Mellingen og Kjell Fjellsende har gått av med pensjon. Anbjørn Vindenes har tatt over etter Olav som utearbeidar, og i kyrkjetenarstillinga til Kjell vert det tilsett ny person i desember. Klokkarane er ikkje lenger løna på vanleg måte, og tenesta er frå 1.oktober tufta på frivillig arbeid. Marianne Støylen Skauge har hatt fødselspermisjon, men er no tilbake. I hennar stad har May Irene Wergeland vore vikar.

Elles har vi mange frivillege som vi skuldar stor takk for godt utført arbeid også dette året. Kyrkjelydsutvala og kyrkjeforeiningane i tillegg til mange andre hjelper til med både arbeid og økonomi og syter for at arbeidet i kyrkjene går slik det skal.

Eg ynskjer alle ei god julehelg og eit god nytt år.

Audun Sylta, dagleg leiar

Bispevisitas i Radøy

Biskop Halvor Nordhaug kjem til Radøy på visitas i januar 2012. Sist vi hadde visitas var i 1997 då Ole D. Hagesæther var her. Denne gongen har biskopen sett opp visitas i Radøy, Austrheim og Fedje i tida 17.-19. og søndag 22. januar. Desse tre sokna er ei trusopplæringseining og difor vert det felles visitas.



Programmet er ikkje heilt ferdig, men det som er sikkert er at søndag 22.januar vert det visitasgudsteneste i Manger kyrkje kl 12. Det vert og fest på Smiths møte- og selskapslokale etter gudstenesta. På festen vert det servert betasuppe, kaffi og tebrød. For å planlegginga dette treng vi påmelding til festen.

Meld dykk på til kyrkjekontoret på tlf. 5634 9840, e-post kontor@radoysokn.no eller kom gjerne innom kyrkjekontoret. Påmelding innan tysdag 17. januar. Pris (eigenandel) per person blir kr 100 som blir samla inn på festen.

Formålet med bispevisitas er mellom anna å støtte, inspirere og rettleie kyrkjelyd og tilsette. Det blir kjekt å få biskopen på besøk til Radøy! Programmet for visitasen vil verta lagd ut på radoysokn.no så snart det er klart.

Kjell Sekkingstad, sokneprest

Guds ord og Guds kroppsvarme

Det er ikkje alltid sant at “taushet er gull”. Nokre gonger kan det vere øydeleggjande å ikkje seie noko. Dersom det lenge blir stille mellom to vener, er som regel vennskapen i krise. Og dersom nokon vi er glade i knip munnen saman, tenkjer vi fort at noko er galt. Kjærleiken treng ord, gode ord.

“Er det ikkje lenger godt nok at Skrifta er på det språket Meisteren sjølv tala?”

I jula feirar vi at Ordet frå Gud er kome til oss. Gud har noko på hjarta, han vil oss noko. I Maria si livmor skjedde det at “Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.” (Joh 1,14). Gud grip ordet og han gjer det gjennom snikkarsonen Jesus frå Nasaret. Slik Jesus er, slik er Gud.

Gud knip ikkje igjen munnen. Vi treng ikkje lure på kva han tenkjer om oss, men kan høyre kva Jesus seier: “For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.”

Jesus går ikkje lenger rundt slik at vi kan sjå og høyre han. Men han er hos oss framleis, og ordet hans er nær kvar og ein av oss i Bibelen. Ja, det går faktisk an å seie at orda hans no er komne oss endå nærare. I år har vi nemleg fått ei ny bibelomsetjing. Det er ei stor og gledeleg hending. La denne boka bli årets julegåve!

Det kan vere vanskeleg når kjende og kjære bibelord blir omsette på nye måtar. Då den fyrste nynorskbibelen kom i 1921, skal det visstnok ha vore ein eldre mann som sa: “Er det ikkje lenger godt nok at Skrifta er på det språket Meisteren sjølv tala?”

Spørsmål og svar om den nye Bibelomsetjinga



Er ikkje Bibelen alt omsett til norsk frå før?

Fleire gonger, men historia om norsk bibelomsetjing er eigentleg ganske kort. Lenge las ein Bibelen på dansk i Noreg. Den første fullstendige bibelutgåva på bokmål kom i

1904, den første nynorske i 1921. Desse omsetjingane blei reviderte i 1930 og 1938. Så gav Bibelselskapet ut nye bibelomsetjingar i 1978. Etter den tid har det kome fleire omsetjingar frå andre utgjevarar: Norsk Bibel (bokmål 1988, nynorsk 1998), Ny Verdenomsetjinga (1996) og Bibelen Guds Ord (1998), dei to siste berre på bokmål.

Kvifor da omsetje ein gong til?

For det første fordi det norske språket heile tida er i endring. Skal Bibelen nå fram

Guds ord må likevel stadig omsetjast på nytt, dersom det skal kome nær oss og røre ved oss. Språket vårt er heile tida i endring. Ord som tidlegare kunne fungere, gjer det ikkje lenger. Medan det eksempelvis tidlegare stod om kyrkja at den var Kristi “lekam” (1 Kor 12), står det no at den er Kristi “kropp”. Dette er kanskje den viktigaste endringa i den nye omsetjinga. Mens “lekam” er noko daudt og abstrakt i øyro våre, er kroppen levande kjøt og blod.

Når kyrkja blir Kristi “kropp” blir linja trekt endå klarare til jula. Slik Jesus var ein fysisk og levande kropp som møtte menneske sine kroppslige behov, skal også vi i kyrkja vere ein fellesskap der menneske kan kome med heile livet sitt og kjenne noko av Guds eigen kroppsvarme. Måtte mange menneske i Bjørgvin få oppleve kyrkja på denne måten!

Eg ønskjer dykk alle ei glad og signa jul!

Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin

til nye generasjonar, må bibelspråket tale til dei. For det andre kjem det faktisk stadig ny kunnskap, sjølv om så gamle og gjennomstuderte bøker som Bibelen. Dette er den første norske bibelomsetjinga som kan ta omsyn til alle dei gamle bibeltekstane frå Qumran-biblioteket, dei såkalla “Daudehavsrullane”. Dei blei funne for meir enn seksti år sidan, men først no er heile materialet publisert.

For det tredje fordi synet på omsetjing endrar seg. Vi omset ikkje på ny fordi den førre omsetjinga er dårleg. Tvert om, den er på mange måtar svært god. Men kvar omsetjing ber preg av si eiga tid, og i dag verkar 1978-omsetjinga litt “syttitals”.

Så no skal bibelspråket bli ”kult” for å nå ungdommen?

Nei. Det skal vere eit godt og moderne litterært norsk, eit språk som både gamle og nye bibellesarar kan kjenne seg att i.

Korleis har synet på omsetjing endra seg?

På 1970-talet var ein svært oppteken av kommunikasjonsteori. Det kunne føre til forklarande omskrivingar. Bibelen er full av biletspråk, symbol og metaforar. Mange av desse bileta kan verke litt rare når ein prøver å gje dei att på norsk. Da er ei mogleg løysing å tolke meininga til daglegspråk når ein omset, i staden for å prøve å representere sjølvve biletet. Men noko går tapt på den måten. Dei siste tiåra har ein vore meir oppteken av litterære og språklege mønster i dei greske og hebraiske tekstane. Det har ført til eit større medvit om dei ulike uttrykksformene i Bibelen og eit ønske om å spegle meir av dette særpreget i omsetjinga. Vi har prøvd å vinne att bibelske bilete som blei borte, og vi har i høgare grad prøvd å nytte same norske ord kvar gong vi omset eit hebraisk eller gresk ord. Dette er òg eit svar på ein del kritiske innvendingar mot 1978-omsetjinga.

Blir det store endringar i Bibelen?

Nei. Men det blir veldig mange små, mest i kvart einaste vers.

Anders Aschim, Det norske Bibelselskap

Nytt frå soknerådet

Det nye soknerådet i Radøy hadde sitt første møte den 9.november.

Ludvig Grindheim vart vald som leiar for 2011-2012 med Gudrun Rikstad som nestleiar. Leiar og nestleiar sit òg i kyrkjeleg administrasjonsutval saman med Elin Klausen. Arbeidstakarane har to representantar i dette utvalet.

I løpet av det komande året må kyrkja i Radøy utarbeida og vedta ei lokal grunnordning for gudstenestefeiring i soknet. Som ein del av dette arbeidet har soknerådet oppretta eit gudstenesteutval. Her sit begge prestane og kyrkjemusikar. Simon Grandahl og Marta Grønstad Hvidsten representerar soknerådet.

Takkoffer er ein viktig del av gudstenestelivet. Kvart år gjev kyrkjelyden over kr 100.000 til ulike organisasjonar og samlar også inn rundt kr 60.000 til kyrkjelydsarbeid lokalt. Marianne Støylen Skauge, Silje Kristin Ellingsen og Kenth Remy Nesbø sit i offerkomiteen.

Soknerådet er òg representert kyrkjelydsutvala som jobber med lokale aktivitetar i våre 3 kyrkjer. Ludvig Grindheim er med i Hordabø, Elin Klausen i Manger og Simon Grandahl i Sæbø.



Ludvig Grindheim
Leiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



Marta Grønstad Hvidsten
Gudstenesteutvalet



Gudrun Rikstad
Nestleiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Vararep. gudstenesteutvalet



Britt Sissel Kvamme



Elin Klausen
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Manger



Kenth Remy Nesbø
Offerkomiteen



Simon Grandahl
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Silje Kristin Ellingsen
Offerkomiteen

Bli pipefadder!

MANGER KYRKJEORGEL



DISPOSISJON

Pedal	
Subbaß	16
Prinzival	8
Holzflöte	8
Oktav	4
Mixtur	IV
Posaune	16
Fagott	8
RP-PD / HV-PD / SV-PD	

Rückpositiv	
Gedact.....	8
Rohrflöte.....	4
Prinzival	4
Gemshorn.....	2
Scharff.....	IV
Cromorne.....	8
Tremulant	

Hovudverk	
Bordun	16
Prinzival	8
Spitzflöte.....	8
Oktav	4
Nasard	2 2/3
Oktav	2
Cornett	IV
Mixtur	V
Trompete.....	8
RP-HV / SV-HV	

Svellverk	
Rohrflöte.....	8
Viola da Gamba	8
Prinzival-flöte.....	4
Querflöte.....	2
Larigot.....	II
Oberton	II-III
Holz-Dulzian	16
Trompete Harmonique	8
Clairon	4
Tremulant	

Sequencer med 4000 kombinasjonar og minnekort

Tungestemmane kan koblast ut kvar for seg

Om orgelet

Då Manger kyrkje skulle ha nytt orgel, måtte det stå i stil til "Nordhordlandskatedralen". Konsulenten for prosjektet var Domkantor Magnar Mangersnes. "Arbeidet med å få nytt orgel til kyrkja i Manger er ei inspirerende oppgave. Kyrkja har ein storleik og ein akustikk som ein berre sjeldan finn. I distriktet vårt står denne kyrkja i ei særstode," skreiv Mangersnes.

Sommaren 1979 vart kontrakten med Jehmlich Orgelbau av Dresden underskriven og i oktober 1981 stod orgelet ferdig. Kyrkja hadde fått eit ambisiøst instrument med ein tyngde og fargepalett ein sjeldan finn utanfor dei store bykyrkjene. Orgelet blei raskt eit ettertrakta konsertinstrument og har vore i bruk nesten kvar dag dei siste 30 åra.


I 2009 gjennomførte soknerådet første delen av eit stort oppussingsprosjekt for å sikra orgelet si framtid. Alle dei gamle elektroniske komponentane vart skifta ut og spelepulten bygd om. Orgelet fekk eit nytt registreringsanlegg som gjorde instrumentet mykje meir fleksibelt. Også ergonomisk sett er den ombygde spelepulten ei stor forbetring.



Alle dei over 2000 pipene i orgelet må rensast

No i 2011 set soknerådet i gong ei innsamlingsaksjon for å finansiere neste delen av prosjektet. Det har samla seg store mengder skit og støv i orgelet og alle dei meir enn 2000 pipene må takast ut og reingjerast. Når pipene er på plass igjen må samtlege intonerast og stemmast - kvar for seg. I tillegg må slitte deler av mekanikken skiftast ut og sjølve fasaden pussast opp. Denne har fått store skadar pga dårleg inneklimate og må no setjast i stand.

Dette arbeidet kjem til å kosta mellom 550.000 og 600.000 kroner. Når det er gjort vil Nordhordland sitt største konsertorgel vera i stand til å kunne gleda folk i minst 30 år til.



Spelepulten under ombygging 2009

Pipefadder

Vil du vera med og støtte orgelprosjektet? No kan du verta fadder til éi (eller fleire) piper! Med di støtte vil alle pipene i orgelet kunne rensast og reparerast slik at dei kan klinge vakkert i Nordhordlandskatedralen i mange år framover. Dette får du som pipefadder:

- Eit diplom som viser kva pipe du er fadder til
- Namnet ditt vil verta skreve inn i ei spesiell bok der alle pipefadrane står. Denne vil verta oppbevart i nærleiken av spelepulten.

Å verta pipefadder kan òg vera ei flott gåve til ein som er glad i musikk!

Namn Fakturamottakar om dette er ei gåve			
Adresse			
Om dette er ei gåve, kven sitt namn skal stå på diplommet og i fadderboka?			
Eg ynskjer å vera fadder til			
Set kryss	Pipestorleik	Pris pr pipe	
	2ft	kr 250	Dei minste pipene i orgelet
	4ft	kr 500	Klinger ein oktav over vanleg tonehøgde
	8ft	kr 1000	“Grunnstemmene” i orgelet
	16ft	kr 2000	Dei største pipene i orgelet
	Trompet 8	kr 2500	Den kraftigaste stemmen i heile orgelet. Begrensa antall.

Klipp ut og send til Radøy kyrkjekontor, Idrettsvegen 1, 5936 Manger. Elektronisk skjema på radoysokn.no

Saman om gudstenesta

Ny ordning for hovudgudsteneste vert innført i Den norske kyrkja frå 1. søndag i adventstida 2011. Kyrkjelydane får med dette meir fridom til å prege det lokale gudstenestelivet. Dette tyder meir variasjon. Ein kan velje mellom ei rekkje alternative bønner, svar frå kyrkjelyden og ulike musikalske og visuelle uttrykk i gudstenesta.

Den nye gudstenesteordninga introduserer ein ny måte å tenkje på. Tidlegare har vi hatt éi gudstenestebok der det meste har vore fastlagt for heile kyrkja. I den nye ordninga skal kyrkjelyden i langt større grad prege profilen på gudstenesta, og fleire skal involverast i arbeidet med å førebu og gjennomføre gudstenestene.

Den nye gudstenesteordninga legg større vekt på det estetiske, på det vi kan sanse i gudstenesta, som bilete, drama og liturgisk dans. Rørsler og handlingar i gudstenesterommet får større plass – prosesjonar, frambering av brød og vin, bønnevandring og liknande. Det er òg lagt større vekt på stille i gudstenesta – til ettertanke og bøn.

I to tusen år har den kristne gudstenesta vorte feira – og i vårt eige land i meir enn tusen år. Kristne har kome saman på søndagen, dagen for Jesu oppstode. Heile denne tida har gudstenesta hatt ein felles grunnstruktur, med Orddelen og Nattverdsdelen som hovudelement. Den nye gudstenesteordninga er prega av felles impulsar frå den verdsvide kyrkja. Samstundes er den djupt forankra i den norske allmennkulturen, gjennom vekslinga mellom kvar-dag og helg, salmeskatten og gjennom dei verdiar den kristne gudstenesta har formidla inn i det norske samfunnet.

Les meir på www.kirken.no/gudstjeneste

Fulekonsertar i kyrkjene våre



Fredag 9. desember kl 20
Manger kyrkje
Maria Urhaug og Frode Skag
Storheim

Sundag 11. desember
Radøy song- og musikkråd
arrangerer julekonsertar i alle tre
soknekyrkjer

kl 1530 Manger kyrkje
kl 1700 Sæbø kyrkje
kl 1700 Hordabø kyrkje

Fredag 16. desember
Manger folkehøgskule held
julekonsert i Manger kyrkje



Laurdag 17. desember kl 22
Radøy damekor innbyr til
Julenattiné i Manger kyrkje.

*Sjå nærare
kunngjering i
lokalavisene og på
radoysokn.no*

Helsing frå ein utflytta tysnesing

Eg vart utfordra av Halldis Vågenes å skriva ei helsing i Radar. Som innflytta radværing vil eg fortelja litt frå Tysnes.



Kyrkja der eg vart døypt og konfirmert, Tysnes kyrkje, er ei av dei 4 kyrkjene i Tysnes kommune. Det er ei trekyrkje, bygd i 1868. Den står på Gjerstad i Tysnesbygda. Frå min barndomsheim på Malkenes er det 14 km til kyrkja.

Eg er fødd i 1924 og framkomstmidlane i min barndom og ungdom var anten sjøvegen eller med hest og vogn. Eg kan hugsa at nedanfor kyrkja stod ei rekkje med båsar der hestane var medan gudstenesta fann stad. Ein høydott å eta på for hestane var med på turen. Det vart ikkje så ofte gudsteneste for oss, grunna den lange avstanden, og ikkje hadde me hest heller.

Konfirmasjonsdagen min 18. september 1938 var det sjøvegen som vart nytta. Ei skøyte gjekk fullasta med kyrkjefolk frå kaien på Malkenes til Våge.

Barndomsheimen min ligg i ein skråning opp frå Gripnesvågen, ein våg som kjem inn frå Bjørnafjorden. På andre sida av vågen ser me velstelte hus og bøar og til sist Tysnessåto, 753 m.o.h. Ein vakker stad i vårt vakre fedreland.

Når eg skal velgja song er det vanskeleg. Det fins så mange fine songar og salmar med fine melodiar. Men min song må vera: "Deg være ære. Herre over dødens makt! Evig skal døden være, Kristus underlagt" (187 i Norsk Salmebok/655 i Sangboken)

Det nærmar seg advent og jul, og eg vil ynskja alle radværingar og andre som les Radar ei god adventstid og ei velsigna julehøgtid.



Helsing frå Klara Rosnes, radværing sidan 1955

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
14.08 9.sundag etter pinse	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Brasil	2195,00
21.08 10.sundag etter pinse	Diakoniarbeidet i Radøy sokn	5975,00
28.08 11.sundag etter pinse	Kirkens nødhjelp Afrikas horn	3570,00
04.09 12.sundag etter pinse	Fjøn fjellkyrkje og ungdomssenter	2428,00
	Trusopplæring i Radøy	1737,50
11.09 13.sundag etter pinse	Trusopplæring i Radøy	2445,00
	Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet	966,00
18.09 14.sundag etter pinse	Orgelprosjektet Manger kyrkje	4505,00
25.09 15.sundag etter pinse	Norsk lærerakademi	1871,00
02.10 16.sundag etter pinse	Kyrkjemusikkarbeidet i Radøy	2905,50
09.10 17.sundag etter pinse	Normisjon	2249,00
16.10 18.sundag etter pinse	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Brasil	870,00
23.10 19.sundag etter pinse	IKO – Kirkelig pedagogisk senter	2717,00
	TV-aksjonen	2830,70
30.10 Bots og bededag	IKO – Kirkelig pedagogisk senter	2236,50

	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	kr 8 880,00	kr 35 808,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0–18 år):	kr 4 182,50	kr 47 101,00
Offer / innsamling til orgelprosjektet	kr 4 505,00	kr 4 505,00
Offer til andre organisasjonar:	kr 21 933,20	kr 127 865,86

Korarbeid i kyrkjelyden

Sæbø barnekor

Øving tysdagar (partallsveker) i Sæbø kyrkje
kl 1815-1930
Kontaktperson Marta Grønstad Hvidsten
909 18 214

Friends

Øving tysdagar (partallsveker) på Sæbø skule
kl 1815-2000
Kontaktperson Irmelin Hordvik
eihordvi@online.no

Barnekoret Baluba

Øving tysdagar i Manger kyrkjestove
Kontaktperson
Astrid Wergeland Mellingen
906 32 915

Hordabø minikantori

Øving tysdagar i Hordabø kyrkje kl 1730
Kontaktperson
Sølvi Helen Kvalheim Mjøs
5637 0588

Radøy damekor

Øving torsdagar i Manger kyrkje kl 2000-2200
Kontaktperson Elin Klausen
951 36 562

Familiennytt



Døpte

21.08.2011 Elise Vågenes Thomassen
04.09.2011 Kevin Sandnes
04.09.2011 Jone Palmesen
11.09.2011 Isabella Halland Lauritsen
02.10.2011 Thea Nathalie Thomassen
Veland
02.10.2011 Johannes Wallaker Svellingen
09.10.2011 Oskar Myrtveit
09.10.2011 Isak Gülen
23.10.2011 Emma Angelskår Erstad
23.10.2011 Felicia Kolås Söderman

Vigde



03.09.2011 Maren Villanger
og Bjarte Rosenlund
01.10.2011 Christine Hoff
og Mohamed El Asrihi

Døde



16.08.2011 Agnes Sæbø
19.08.2011 Kirsten Oline Vikøren
26.08.2011 Anna Vetås
02.09.2011 Kåre Bø
06.09.2011 Lars Skutle
06.09.2011 Georg Dalland
09.09.2011 Aslaug Kristine Taule
09.09.2011 Gerd Fossen
13.09.2011 Klara Helene Myking
20.09.2011 Tore Nilsen
23.09.2011 Mary Helen Rikstad
23.09.2011 Kornelius Sylta
27.09.2011 Birger Bø
27.09.2011 Lars Johan Øren
11.10.2011 Signhild Ramsdal
14.10.2011 Rasmus Holen
21.10.2011 Liv Okan
28.10.2011 Valborg Hodne

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**
Vi ordner alt vedrørende
dødsfall i distrikt og by.
DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no

HENRY RATH
AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR
5939 SLETTA
☎ 56 37 21 08 📠 970 94 785
Henry@Rath.no 📠 56 37 11 95

**MTI
IT SERVICE**

Vatne Begravelsesbyrå AS
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
Tlf 56 35 16 61 - Kontor

BUNNPRIS
Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

BYGGER'N
Stevnebø Byggevarer
8-16/10-14 - Tlf. 56 34 94 60

SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser
Manger Senter
09-22 (20) 5637 2255

**MANGER
GRAVMONUMENT**
5936 Manger • Tlf. 452 71 563
Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no

**Frantzen's
Gartneri**
BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

**Catering
Samfunnshuset Skogen LL**
Mat til alle anledninger som
begravelser, konfirmasjon, årsdager.
Snitter, koldtbord, middag mm
Be om pristilbud på
Tlf. 56372236

**Geir Kvalheim
Glasservice**
5936 Manger — 56 37 03 71
Alt i glass, dører og vinduer

KVALHEIM VVS
AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
Postboks 1 - 5931 MANGER
Tlf 5637 4073
Måndag - fredag 0900-1630
Laurdag 1000-1400

FISKENETT
MANGER
5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS**
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

søndag 4. desember	1600	Manger kyrkje. Familiemesse. 2.sundag i adventstida.
søndag 18. desember	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. 4.sundag i adventstida.
laurdag 24. desember	1430	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Julaftan.
laurdag 24. desember	1430	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Julaftan.
laurdag 24. desember	1430	Manger kyrkje. Gudsteneste. Julaftan.
laurdag 24. desember	1600	Manger kyrkje. Gudsteneste. Julaftan.
laurdag 24. desember	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Julaftan.
søndag 25. desember	1200	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. 1.juledag.
<hr/>		
søndag 1. januar	1200	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Nyårsdag.
søndag 8. januar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Kristi openberringsdag.
søndag 15. januar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. 2.sundag i openberringstida.
søndag 22. januar	1200	Manger kyrkje. Visitasgudsteneste. 3.s. i openberringstida.
søndag 29. januar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. 4.sundag i openberringstida.
<hr/>		
søndag 5. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT 5.klasse.
søndag 5. februar	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT 5.klasse.
søndag 12. februar	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Utdeling av NT 5.klasse.
søndag 12. februar	1600	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av NT 5.klasse.
søndag 19. februar	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste/Fastelavnssamling.
onsdag 22. februar	1900	Manger kyrkje. Musikkandakt for oskeonsdag.
søndag 26. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. 1.sundag i fastetida.
<hr/>		
søndag 4. mars	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. 2.sundag i fastetida.
søndag 11.mars	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. 3.sundag i fastetida.
søndag 18.mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. 4.sundag i fastetida.
søndag 25.mars	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Maria bodskapsdag.
<hr/>		
søndag 1. april	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Palmesundag.

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Gå til radoysokn.no eller følg oss på Twitter: [@radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i mars 2012 (veke 11).
Frist for innsending av artiklar/bilete er 1.mars 2012.**

Redaksjon: J.William Kay, Britt Jorunn Tjore, Elin Klausen, Ludvig Grindheim
Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn